

Saksbehandlar: Ingebjørg Erikstad, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 19/5384-3

Høring om endra vedtekter for Musea i Sogn og Fjordane

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune går mot forslag til endringar i vedtektene §§ 4 og 7 for Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune har ikkje merknader til forslag til endringar i vedtektene sine §§ 3, 6, 9, og 11 for Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane.

Vedlegg:

Brev av 11.07.2019 frå Musea i Sogn og Fjordane m/vedlegg

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane ber i brev av 03.07.2019 til stiftarane om uttale til endring i vedtektene gjort av styret 18.06.2019. Sogn og Fjordane fylkeskommune er ein av stiftarane.

Endringane som er gjort, er følgjande:

1. Auke i grunnkapitalen som resultat av at Stiftinga Kystmuseet er slått saman med Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane (§ 3)
2. Endring i styresamansetjinga ved at fylkeskommunen oppnemner styreleiar m/vara (tidlegare styreleiar og ein styremedlem), og rådet oppnemner fire styremedlemmer m/vara (tidlegare tre styremedlemmer m/vara), (§§ 4, 7)
3. Justeringar i høve kommunar/regionråd si deltaking i rådet (§ 6)
4. Sogn og Fjordane fylkeskommune erstatta med Vestland fylkeskommune der dette er relevant (§§ 9 og 11; låneopptak og oppløysing).

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane grunngir endringane med dei strukturendringane som kjem gjennom kommune- og fylkessamanslåing.

Den sentrale problemstillinga i saka er om fylkeskommunen vil støtte endringsforslaget som går på å redusere tal styremedlemmer som fylkeskommunen oppnemner til fordel for at rådet skal velje fleire.

2. Vurderingar og konsekvensar

Det er styret for stiftinga som har ansvar for at stiftinga til ei kvar tid har oppdaterte vedtekter. Stiftingstilsynet godkjenner vedtektene. Ifølgje stiftingslova skal det først innhentast uttale frå stiftarane (opprettarane). Stiftarane i dette høve er:

- Stiftinga De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum
- Sunnfjord Museum

- Nordfjord Folkemuseum
- Stiftinga Kystmuseet i Sogn og Fjordane
- Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum
- Sogn og Fjordane fylkeskommune

Fylkesrådmannen har ikkje merknader til forslag til endringar som er gjort i §§ 3, 6, 9 og 11.

Endringa i § 3 gjeld auke i grunnkapitalen til Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane etter samanslåing med Stiftinga Kystmuseet. Denne samanslåing er tilsvarande det som har skjedd med Reiselivsmuseet, Sogn og Fjordane kunstmuseum og Nordfjord Folkemuseum. Det er også ein prosess på gang for å slå saman Sunnfjord Museum med Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane. Konsolideringa i 2009 omfatta berre drifta av musea, medan dei tidlegare museumsstyra vart omdanna til eigarstyre og sat med eigedomsretten til bygningar og gjenstandar. Dei hadde ingen eigen økonomi. Samanslåingane er initierte av eigarstyra, og er etter fylkesrådmannen sitt syn ei naturleg utvikling i retning der same organisasjon har hand om eigedomsmasse og drift.

Når det gjeld forslag til endringar som er gjort i §§ 4 og 7 meiner fylkesrådmannen at desse bør avvistast no. Grunngevinga for dette er fleire;

- a) Fylkeskommunen skal no inn i prosess med forhandlingar med staten om oppgåveoverføring. Sjølv om vi ikkje kan forskottere utfallet her, ligg det i korta at fylkeskommunane vil få ei viktigare rolle i høve dei regionale kulturinstitusjonane framover.
- b) Kulturdepartementet arbeider med ei ny stortingsmelding om museum. Denne skal kome rundt årsskiftet 2020/2021, og vil truleg kome opp til handsaming i Stortinget våren 2021.
- c) Fylkeskommunen oppnemnde 2 styremedlemmer (inklusive styreleiar) i mars i år for ein periode på 4 år (2019-2023).

Fylkesrådmannen meiner ut frå dette at ev endringar i vedtektene bør vente til fylkeskommunen si rolle overfor dei regionale kulturinstitusjonane er nærare avklara. Dette vert såleis ei sak som Vestland fylkeskommune må ta stilling til.

3. Konklusjon

Fylkesrådmannen viser til drøftingane over og vil rå frå at fylkeskommunen sluttar seg til endringane i vedtektene sine §§ 4 og 7 for Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane. Dei andre endringane har fylkesrådmannen ikkje merknader til.